

# Skodje skulekorps

*Den spede start (frå jubileumsheftet frå 2004):*

Skodje har rike tradisjonar innan kor og korps, men i åra rett etter andre verdskrig hadde mykje gått i stå. Nokre ivrige gutar i 10-12 års-alderen såg i avisat om det rundt om vart skipa korps og det syntest dei også at Skodjebygda skulle få. Det var ikkje godt å vite kvar ein skulle byrja, men vegen var kort ned til prestegarden og sokneprest Karl Johan Buhaug. Resultatet av dette møtete vart skipinga av Skodje Guttemusikk.

§1 Alle som skal vera med i orkesteret lyt lova å føre seg vel både heime og ute og syne god og høvisk framferd på alle vis.

§2 Alle lyt gjera det dei kan til å få eit godt orkester. Dei må møte presis fram til øvingane og elles kvar gong orkesteret skal spela.

Er ein borte frå øvingane meir enn tri gonger i rad, vert ein stroken som medlem.

§3 Ingen som er med i orkesteret har lov til å nyta rusdrykk i nokon form.

Alle vi som skriv under desse reglane, er enige om at dette er det minste vi kan stille som krav til medlemane i guttemusikken.

Den 5. Februar 1954 vart desse reglane underskrivne av sokneprest Buhaug og følgjande gutar: Kåre Vaksvik, Hans Birger Fylling, Olav Tronstad, Gunnar-Arne Valde, Magnulf Vadset, Einar Valde, Sigmund Sorte, Magnar Berg, Sverre Vadset, Ola Midtlid, Ivar Skodjevåg, Sigurd Ekroll, Einar Fylling, Svein Fylling

Slik var starten, og frå sokneprest Buhaug sitt skriv til skulekorpset sitt 25-årsjubileum hentar vi følgjande lille glimt:

"Og så begynte det å lyde eller helst ulyde til å begynne med – i kjellere på loft og i uthus. Og en gang min kone og jeg var på vei til byen og passerte der veien tar av til Digernes, fikk vi se en gutt som gikk fram og tilbake der borte i skogen og blåste av alle livsens krefter. Det var Einar Valde. Det var vel blitt for mye av det gode for folket hans, og så søkte han ut i det fri med hornet sitt."

Skodje skulekorps består i dag av 18 speeglade medlemmer i alderen 10 – 18 år. Skodje skulekorps har eit variert musikalsk programopplegg, til stor glede for musikantar og publikum. Ved sida av å vere musikalsk aktive, vert det i regi av skulekorpset arrangert sosiale kveldar og særskilde turar for medlemane. I år skal vi reise på korpstur til Scarborough i England. Det blir kjekt!!

Korpset øver på Gomerhuset ein dag i veka, på måndagar kl. 18-20.

Dirigent for korpsåret 2010/2011 er Odd Fossum.

Han dirigerer også storbanda Knøtte Big Band og Big Odd Band, og er ein motiverande og musikalsk dyktig musikklærer.



Skodje Skulekorps  
anno 1999 og 2010



Skodje Skulekorps  
På korpstur til  
Åndalsnes 2010